

**Fra:** Per Lerøy  
**Sendt:** onsdag 19. juli 2023 16:31  
**Til:** Marius Åmbakk Bjørkedal; Ketil Tjore  
**Emne:** SV: Vidare svar på innsynskrav - deponi Leirvågskrysset

Hei.

Massane frå TWMA Norge AS vart henta frå anlegget dei hadde på Mongstad Sør, altså på baseområdet på Mongstad. Austrheim kommune hadde ikkje noko å gjera med massane som ikkje kunna brukast til bakkeplanering. Dei hadde TWMA Norge AS ansvaret for og dei vart sendt frå eit område i Lindås kommune til deponi enten i Lindås kommune, Kjevikdalen og NGIR, eller til deponi i Bergen kommune, Rådalen og altså BIR sitt anlegg. Opplysningar om desse massane har sjølvstakt ikkje Austrheim kommune, fordi desse massane aldri var innom våre kommunegrenser. Eg har tidlegare bedt deg om å ta kontakt med John-Kåre Krokene om denne saka. Han er truleg den som kan gje deg den beste orienteringa om kva massar TWMA handterte og korleis dette blei gjort.

Med vennleg helsing  
Per Lerøy  
Ordførar

.....

Austrheim kommune  
Telefon: 94506747  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)



*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse.  
All e-post vert vurdert for eventuell journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem*

---

**Fra:** Marius Åmbakk Bjørkedal <[marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com](mailto:marius.ambakk.bjorkedal@schibsted.com)>  
**Sendt:** onsdag 19. juli 2023 15:54  
**Til:** Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)>  
**Kopi:** Per Lerøy <[Per.Leroy@austrheim.kommune.no](mailto:Per.Leroy@austrheim.kommune.no)>  
**Emne:** Re: Vidare svar på innsynskrav - deponi Leirvågskrysset

Hei igjen. Det er noko som er litt uklart.

Ordførar Per Lerøy har i e-post skrive at det ikkje finst noko deponi av behandla borekaks i Kaland steinuttak, men nemner at det ein gong vart "søkt om å få bakkeplanera om lag 40 dekar på nordsida av næringsområdet som er under etablering?"  
Kva næringsområde er det snakk om og kor ligg dette? Kan eg også få tilsendt denne søknaden?

Kor skulle fyllmassene frå TWMA hentast frå? Kor blei massene som ikkje kunne brukast til bakkeplanering oppbevart hen før utkøyring til godkjente deponi?

I tillegg vil eg be om ei stadfesting på at det ikkje finst nokon dokument i kommunen sine arkiv knytta til bruken av Kaland steinuttak for mellom anna borekaks.

On Wed, 19 Jul 2023 at 14:55, Ketil Tjore <[ketil.tjore@austrheim.kommune.no](mailto:ketil.tjore@austrheim.kommune.no)> wrote:

Sjå vedlegg

--

Med venleg helsing,  
Marius Åmbakk Bjørkedal  
Journalist i Bergens Tidende  
Tlf: 954 97 555

--

Med venleg helsing,  
Marius Åmbakk Bjørkedal  
Journalist i Bergens Tidende  
Tlf: 954 97 555